



Meland kommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/3268 - 16/322

Saksbehandlar:

Lillian Straumøy Brakstad

[lillian.s.brakstad@meland.kommune.no](mailto:lillian.s.brakstad@meland.kommune.no)

Dato:

08.01.2016

## Godkjenning tiltak utan ansvarsrett - fasadeendring på bueining i Lonerenen, gbnr 24/120 seksjon 16.

**Administrativt vedtak. Saknr: 08/2016**

**Tiltakshavar:**

Meland kommune

**Søknadstype:**

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

### **Saksutgreiing:**

Det vert vist til søknad motteke 21.12.2015 i Meland kommune. Søknaden gjeld fasadeendring – grunna brannkrav til vindauge i soverom må eksisternade vindauge skiftast til eit større - i bueining på gbnr 24/120 seksjonsnr 16 i Lonerenen.

### **Vurdering:**

#### Planstatus:

Eigedomen er i reguleringsplan for Frekhaug senter nord – planid 125619990317 - regulert til bustadområde.

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 07.12.2015. Det er ikkje motteke merknader til varselet og alle naboar har samtykka til tiltaket. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

#### Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

---

#### **Postadresse**

[postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no)

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

#### **Kontakt**

[www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

### Planløyising og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og er i samsvar med Pbl § 29-1.

### VEDTAK:

"Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-4 løyve til bygging av fasadeendring av buening på gbnr. 24/120 seksjonsnr 16 i samsvar med søknad motteke 21.12.2015.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar motteke 21.12.2015.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Meland kommune – avdeling for byggjesak - ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.»

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

24-120-16 vedlegg 1

24-120-16 vedlegg 2

**Mottakere:**  
Meland kommune